



Naturvernforbundet i Buskerud

Martin Lindal
Bråtan 11
3022 Drammen
e-post: buskerud@naturvernforbundet.no
Tlf: 99604555

Drammen 10.10.2023

iVest Consult as
E-post: post@investconsult.no

Varsel om oppstart av planarbeid; Privat detaljregulering for Via Ferrata Andersnatten, gbnr. 118/1 m.fl.


Naturvernforbundet i Buskerud (NiB) vil gi følgjande uttale om oppstart av planarbeidet for Via Ferrata i Andersnatten i Sigdal:

Formål/bakgrunn for planarbeidet:


Formålet med planen er tilrettelegging for Via Ferrata-trasé med tilhøyrande fjellsikringer på den nordaustlege delen av Andersnatten. Vidare vil ein legge til rette for gapahuk på Andersnatten, som vil vere tilgjengeleg for ålmenta. Denne er tenkt etablert tilbaketrekt og tilpassa terreng og vegetasjon rundt på ein god måte, og utan å bryte med fjellets landskapssilhuett. Det vil også bli vurdert å etablere enkel toalettfasilitet, som då også må tilpassast terreng og omkringliggande natur utan å sjenere for andre som oppheld seg i området.

I den nedre delen av området, langs etablert skogsveg, vil ein vurdere å legge til rette for ein horisontal plankast sti m/wire langs fjellveggen, for å lage eit alternativ/lågterskel tilbod for dei som ikkje ønskjer eller har moglegheit å klatre Via Ferrata, t.d. mindre born eller eldre. Denne er tenkt etablert på ein slik måte at den er enklare å komma seg fram på, men med sikkerheitssele, slik at ein likevel kan få ei spektakulær oppleving. I planprosessen skal det vurderast om det er mogleg å etablere zipline innanfor området.

Området




Figur 1: Utsnitt frå kommuneplan i aktuelt område (kommunekart.com/iVest Consult AS)




Planområdet.

Naturtypar



I planområdet er det registrert fleire naturtypar av stor verdi. Både rik edellauskog og gammal låglandsblandingsskog.

Trua artar.



Det er fleire registrerte trua artar i planområdet. Kopi av artskart - kartlag trua artar.

Planområdet omfattar areal med verdifulle naturtypar og ei rekke trua artar. Det er rimelig å tru at talet på trua artar er mykje større enn det som er registrert. Naturavtalen som blei underskrive i Montreal i desember 2022 forpliktar oss til å ta vare på natur. Me skal restaurere øydelagt natur, og målet er at me skal ha meir natur i framtida , ikkje mindre. Bygging av ein Via Ferrata er eit relativt lite inngrep samanlikna med ein skogsveg eller motorveg, men det er tekniske inngrep som påverkar negativt. Det er ein del av bit for bit nedbygginga av natur som skjer heile tida. Summen av inngrep blir store over tid.

Tilrettelegging

Via Ferrata er ein kopi av jernvegar som det italienske forsvaret brukte i strid under den 1. verdenskrigen. Det er store tekniske installasjonar som skal gjera det lettare å ta seg fram i bratte område. Nå har dette blitt tatt i bruk for å senke terskelen for fjellklatring. Ein legg til rette for at folk som ikkje har dugleik nok til å klatre opp veggen i Andersnatten utan hjelpemiddel, skal kunne gjera dette. Planen er at ein også skal etablere ein sti i fjellsida under som barn og eldre kan bruke. NiB vil fremje “sporlaus ferdsel” i naturen som eit godt alternativ. Dei siste åra har me opplevd at «tilretteleggingshysteriet» har tatt over. Det blir laga jernvegar i fjellveggane og kommunane konkurrerer om å ha dei beste sykkelstigane. Alt dette med eit folkehelseperspektiv i ryggen. Sannsynlegvis ville folkehelsa blitt betre av å rusle rundt i natur utan tilrettelegging, og ha gode naturopplevingar i nærområdet. Vill og urørt natur vil vera ein mangel i framtida. Det vil sannsynlegvis vera fleire som ønskjer å oppleve vill og urørt natur i åra framover. Det er allereie ein mangel lenger sør i Europa, og det er lite framtidsretta å kopiere italienske forsvarsinstallasjonar for å trekke fleire folk til Sigdal.

Zipline

Zipline har kome inn som eit nytt prosjekt for å få folk ned frå Andersnatten etter klatringa. Zipline er negativt for fuglelivet i området, og sjølv om det ikkje hekkar verken kongeørn eller vandrefalk i Andersnatten har dei hekkelass ikkje langt unna. Kollisjonsfaren med ein Zipline er stor og vil vera negativt for fuglelivet i området.

Konklusjon

Det er fleire verdifulle naturtypar , og det er registrert mange trua artar i planområdet. Planen legg til rette for at fleire skal kunne oppleve fjellklatring utan å ha den dugleiken som skal til. Ved å kopiere italienske forsvarsanlegg skal ein senke lista for fjellklatring. NiB meiner at tiltaket er unødvendig og negativt for naturmangfaldet. NiB vil fremje det enkle sporlause friluftslivet, utan tilrettelegging. Me meiner at urørt natur vil vera ei mangelvare i framtida. Bygging av Viaferrata og Zipline i Andersnatten er eit blindspor - det er meir tivoli enn naturoppleving. Prosjektet bør ikkje gjennomførast.

Naturvernforbundet i Buskerud - Martin Lindal leiar.